

---

**Fra:** Byggesak Lindås  
**Sendt:** 3. august 2017 14:45  
**Til:** 'ARNE KJENES'  
**Emne:** SV: Gbnr 50/2 sak 15/4183 Reiskapshus

Hei

Slik eg oppfattar deg, har de signert på eit skriv som handlar om korleis Aslak Wiik skal ta omsyn til privat veg i samband med bygging av reiskapshuset . Sidan dette ikkje vart teke opp i byggesaka for 1 ½ år sidan, kan ikkje kommunen gjera noko med det. Hadde det komme inn før vedtaket vart gjort, ville vi ha vurdert om det skulle få verknad for vedtaket, eller om det gjeld reint privatrettslege forhold som de må ordna opp i sjølv, uansett nabomerknader eller ikkje .

**Knut Bjørnevoll | sakshandsamar byggesak**

**E-post:** [byggesak@lindas.kommune.no](mailto:byggesak@lindas.kommune.no) | **Telefon:** +47 56 37 51 00  
**Kundesenter:** +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



LINDÅS KOMMUNE

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på kundesenteret tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

---

**Fra:** ARNE KJENES [<mailto:akje3@online.no>]  
**Sendt:** 3. august 2017 13:27  
**Til:** Byggesak Lindås  
**Emne:** Re: Gbnr 50/2 sak 15/4183 Reiskapshus

"Søkjar" presenterte Prosjekt Reiskapshus for underteikna måndag 9.november 2015 per telefon. Det vart opplyst at det ville vera tilstrekkeleg at eg signerte på nabovarslet då på vegner av meg sjølv og dei andre åtte hytteeigarane som på ymse vis ville bli berørt av byggeprosjektet. Vegen forbi ville sjølvsagt verta berørt, og då særleg i anleggsperioden. Eg nådde å få snakka med fem av hytteeigarane som alle har denne vegen som tilkomstveg til hyttene sine. Og la det med ein gong vera sagt ; eg hørde ingen hurrarop. Difor jobba eg fram kommentaren til nabovarslet (nabomerknaden), som også inneheldt kjørereglar for anleggsperioden. "Søkjar" signerte både nabomerknaden og kjøreplanen for anleggstida. Men no føler eg meg direkte overkjørt av tiltakshavaren sin mangelfulle oppfølging. At nabovarslet er levert utan merknad og heller ikkje er presentert for kommunen sin sakshandsamar er skammeleg. Men dessverre kanskje ikkje så overraskande. Korleis kommunen bør reagera på slikt, har eg inga formeining om. Heldigvis.

Eg har fleire ting eg ville ta opp med deg. Men dei lyt venta.

Arne Kjenes

Den 02.08.2017 10:06, skrev Byggesak Lindås:

Arne Kjenes

Viser til e-posten som du sende i går.

Vi handsamar søknader ut frå dei dokumenta vi får inn i samband med søknaden. Eg har gått gjennom saksmappa på nytt, både papirdokumenta og det som er registrert elektronisk. Det ligg ingen nabomerknad på saka. Din signatur med «samtykke til tiltaket» er på skjemaet «kvittering for nabovarsel». Eg sender kopi av det som eigen e-post.

**Knut Bjørnevoll | sakshandsamar byggesak**

E-post: [byggesak@lindas.kommune.no](mailto:byggesak@lindas.kommune.no) | Telefon: +47 56 37 51 00  
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: [www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)



Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på kundesenteret tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

---

**Fra:** ARNE KJENES [<mailto:akje3@online.no>]  
**Sendt:** 1. august 2017 13:18  
**Til:** Knut Bjørnevoll  
**Emne:** Nabovarsel

**Gjeld saknr: 15/4183 og nabovarsling**

Nabovarsel  
Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.  
**Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.**

**Det ligg føre "merknad" frå nabo (ar).** Men denne svært viktige merknaden er av ein eller annan grunn ikkje lagt ved søknaden. Merknaden er signert både av søkar/tiltakshavar og av underskrivne nabo på vegner av meg sjølv og sju andre som har vegrett over byggeplassen. Eg har stor forståing for at eit slikt byggeprosjekt vil ta tid. Men samstundes forventar ein at tiltakshavar og kommunen som løyvegjevar undervegs syter for at arbeidet vert utført i tråd med pbl § 28-2.

Ber om at Lindås kommune som løyvegjevar, straks innhentar den utelatne nabomerknaden og undersøker status på vegprosjektdelen som opna med første salven 9.juli 2016.

Vennleg helsing  
Arne Kjenes

Gnr 50 bnr 3 og 6  
Mobil 90090197